

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 20.01.26 kl. 16:00-18:00	Stad:	Landro skule
Desse var kalla inn:			
Anita Bowitz	Foreldrerådet, leiar FAU		
Emilie Lyssand Molland	Foreldrerådet, nestleiar FAU (ikkje møtt)		
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet		
Fredrik Øvstedal	Undervisningspersonalet		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
6-25/26	Status Elevrådet Thea og Amanda frå 7. trinn representerte elevrådet, saman med Fredrik som elevrådskontakt. Elevane fortel at dei opplever at det er kjekt å få vere med i elevrådet. Dei får jobbe med ulike ting, og får vere med å påverke skulekvardagen. Elevrådet har ønskje om ein del utstyr til bruk i Aktiv glede og friminutta, og har spørsmål til FAU om dette er noko dei kan vere med å dekkje inn? FAU-leiar seier at Elevrådet kan lage ei liste over ønskja, så kan det vurderast. Elevane svarar på nokre spørsmål: -Kva er bra med å vere elev på Landro skule? Vi får god undervisning, dei vaksne er flinke til å hjelpe oss når vi treng det, vi har trygg skuleveg (for det meste), og fine områder rundt skulen som vi kan bruke.		

	-Kva kan bli betre? Trafikktryggleik og fartsgrenser, og at nokon køyrer for fort. Det hender at nokon elevar kan spenne og slå. Det er ein del elevar som sniker på bussen, utan busskort eller billett. Det er ikkje greit, og det blir trangt på bussen og meir uro. -Kva kan bidra til å auke motivasjonen? Meir frileik og pausar, ha meir aktivitet og utetimar. Starte seinare på skulen om morgonen. God variasjon i undervisninga. Prosjektarbeid som Energimessa. Vi drøfta dette med sniking på buss. Skulen ser at det er fleire elevar no enn tidlegare som gjer dette. Her er det eit ønskje om at foreldra kan snakke med barna heime om dette. Dei som har bussfølgje frå skulen prøver å passe på dette, og det har vore prata med elevar på mellomtrinnet om problemstillinga. Morten, politisk representant, gir uttrykk for at det er interessant å høyre elevane snakke om skulekvardagen sin. Det er bra at dei løftar fram både det som er bra, men også det som kan bli betre.
7-25/26	Prosjekt «Snill e Kult» Elevrådskontakt informerer. I løpet av våren skal elevane på 5.-7. trinn bli kjende med eit prosjekt og ein haldningskampanje med namnet «Snill e Kult». Prosjektet er eit samarbeid mellom Barnas Røde kors, Radio Sotra og Sartor bowling. Eit positivt vinkla prosjekt, med mål om å redusere utanforskap og mobbing/nettmobbing på skulen og i fritida. Elevrådet vil få ei viktig rolle, og blir invitert til kickoff-arrangement 05.03.26. Meir informasjon kjem etter kvart.
8-25/26	Elevundersøkinga Elevundersøkinga er ein nasjonal undersøking som blant anna kartlegg læringsmiljøet og elevane sin trivsel. Undersøkinga er anonym, og obligatorisk for 7. trinn, men vi har også gjennomført den på 5. og 6. trinn. Resultata vart gjennomgått i møtet, og vil også bli presentert på FAU-møte, samt i Elevrådet. Personalet på skulen jobbar også med oppfølging av resultata. Når det gjeld mobbing, viser tala at vi ligg på landsgjennomsnittet på 5. og 7. trinn, medan vi ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld 6. trinn. Mobbing og trygt miljø må ha kontinuerleg fokus, både med tanke på førebygging og oppfølging av saker. Hovudresultata er positive på dei aller fleste indikatorane. Det vil seie at elevane på 5.-7. trinn rapporterer om høg grad av trivsel, og god støtte frå lærarar. Resultata seier oss at dei opplever elevdemokrati og medverknad, samt at dei får faglege utfordringar i skulekvardagen. På 5. og 7. trinn ligg vi litt under landsgjennomsnitt når det kjem til motivasjon og meistring, så desse resultata treng vi sjå nærare på.

	6. trinn ligg over landsgjennomsnittet også på desse indikatorane. Vi må jobbe godt for å sikre eit trygt miljø. Det blir jobba på ulike områder: tilsynsplan og soner med trygge vaksne, Olweus-møter på klassenivå, trivseltiltak i klassane, samarbeid heim-skule, positiv friminuttsaktivitet/Aktiv glede, følgje opp og undersøkje om vi får mistanke om at nokon ikkje har det trygt og godt. Elevane seier at det er viktig at vi saman ser at alle har nokon å vere saman med, og at elevane ikkje pratar stygt om kvarandre. Elevane kan bidra med å arrangere positive tiltak, til dømes turneringar eller andre sosiale ting i friminutta. Det er bra for miljøet.
9-25/26	Trafikktryggleik Vi ser at når vi har mykje fokus på trafikktryggleik, til dømes bruk av refleks, så har det effekt ei stund. Skulen jobbar med trafikktryggleik på ulike måtar: tema i klassen, vaksne ute om morgonen og bussfølgje etter skuletid. På dette området kan vi nok ha ein del å hente på å kople FAU/føresette tettare på. Vi kan ivolvere og setje temaet opp på FAU-møte til hausten.
10-25/26	Besteforeldre i skulen FAU har teke initiativ til utprøving av prosjekt med at besteforeldre kan delta i skulekvardagen, til dømes vere med i friminutt. Skulen og SU er positive til prosjektet, men det er viktig at vi følgjer lovkrava: politiattest, opplæring og signering av teieplikt. FAU vil jobbe vidare med saka. Kartlegge kor mange som ønskjer å melde seg som frivillige. Besteforeldre kan vere ein god ressurs til nytte for elevane våre. Positivt med fleire trygge vaksne ute, som kan delta i aktivitet, og prate med elevane. Dette kan bli eit positivt og meiningfylt engasjement.
11-25/26	Smarttelefonfri barndom Det er som tidlegare nevnt mykje fokus på alternativet til smarttelefonar for tida. FAU har gjort vedtak om å jobbe for at skulen innan hausten 2031 blir smarttelefonfri for elevar, og at føresette utsetter å gi barna smarttelefon til etter barneskulen. Dette er sjølv sagt frivillig og opp til dei føresette å bestemme. FAU kjem til å jobbe vidare med Smarttelefonfri barndom, og SU/skulen vil støtte dei i dette arbeidet. Det blir viktig å gi god informasjon til føresette på orienteringsmøtet for nye 1. trinn. Kommunalt foreldreutval i kommunen vil også ha fokus på dette, så her kan FAU Landro evt. samarbeide med andre om temaet.
<i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i>	